

14 AUG 2017

### Haukeliekspressen

Km	2017
3	60
6	70
9	75
12	80
15	85
18	90
21	95
24	100
27	105
30	110
33	115
36	120
39	125
42	130
45	135
48	140
51	145
54	150
57	155
60	165
63	165
66	175
69	175
72	185
75	195
78	200
81	210
84	220
87	220
90	230
93	240
96	240
99	250
102	250
105	260
108	270
117	280
126	300
135	320
144	330
153	360
162	370
171	390
180	415
189	425
198	445
207	460

Km	2017
216	475
225	485
234	495
243	515
252	525
261	535
270	545
279	555
288	555
297	565
306	575
315	585
324	595
333	605
342	605
351	615
360	625
369	635
378	635
387	645
396	660
405	670
414	670
423	680
432	690
441	695
450	695
459	695
468	695
477	695
486	695
495	695
504	695
513	695
522	695
531	695
540	695
549	695
558	695
567	695
576	695
585	695
594	695
603	695
612	695
621	695
630	695

Km	2017
639	695
648	695

# Her finn du informasjon om billettypar og reisevilkår gjeldande for ekspressrutene våre.

**Billett og reiseinformasjon for våre ekspressruter:**

**Haukelieekspresen, Telemarkeekspresen og Grenlandsekspressen.**

Ved gjennomgåande billettering på lokal og ekspressrute så gjeld prisar og vilkår for ekspressruter.

**Generelt om betaling for reise:**

Dei billigaste billettane med størst rabatt kjøper du på internett i god tid før du skal reise.

- Enkeltbillett passar for deg som ikkje reiser så ofte.
- Verdikort er ein fleksibel løysning for deg som reiser av og til.
- Periodekort er lønsamt for deg som reiser ofte.

**Internett**

Billetter for alle våre ruter kan kjøpast på [www.telemarkbil.no](http://www.telemarkbil.no)

Informasjon om rutetider, reiseplanleggar og anna nyttig informasjon finn du på [www.telemarkbil.no](http://www.telemarkbil.no)

**Vaksen**

F.o.m. den dagen ein fyller 16 år betalast vaksentakst.

**Barn**

Barnetakst inntil 50 % rabatt av vaksen enkeltbillett. F.o.m. dagen ein fyller fire år og fram til dagen ein fyller 16 år.

Barn 0-3 år reiser gratis, sett bort frå i grupper som vert betalt med barnetakst.

**Honnør**

Inntil 40 % rabatt av vaksen enkeltbillett.

Alle som har fylt 67 år, eller tek imot uførepensjon i folketrygda med gyldig bevis fra NAV.

Honnørmoderasjon blir gjeve på innanlandsruter til personar som:

- er ektefelle/sambuar med og reiser sammen med person som har rett til honnørbillett etter punkta over
- er blinde
- mottar uførepensjon frå den norske folketrygdeetaten (NAV)
- har fylt 67 år

Det gjevast ingen rabatt til ledsager. Unntak er døvblind som kan ta med seg ledsager gratis.

Gyldig legitimasjon må forevisast.

**Studentar**

Inntil 40 % rabatt av vaksen enkeltbillett.

Studentrabatt gjevast til studentar/elevar frå fylte 16 år. Godkjent legitimasjon er skulekort eller studentbevis (medrekna også [digitalt studentbevis](#)). Bekreftelse på betalt semesteravgift må visast fram. For studentar ved utanlandske institusjonar er kun [ISIC-kort](#) gyldig som legitimasjon.

Hautsemester er gyldig til og med 31. januar

Vårsemester er gyldig til og med 30. september

Studentrabatt vert gjeve til studentar med gyldig studiebevis frå offentlege skular (høgskule, universitet, vidaregåande skule) og private høgskular (f.eks. BI og folkehøgskule).

Rabatten gjeld ikkje for studiebevis frå bl.a. Folkeuniversitetet og andre tilsvarande skuletilbod, vaksenopplæring/arbeidstrening finansiert av NAV og vaksenopplæring/språkundervisning for flyktningar.



### **Vernepliktige**

Vernepliktig får 90 % rabatt av vaksen enkeltbillett. Minstetakst lik minstetakst vaksen. For vernepliktige soldatar (korporaler/menige) inne til førstegongsteneste samt befalskuleelevar/militære lærlingar/HV-mannskap og repetisjonssoldatar på øvelser/kurs gjevast det moderasjon.

Innkalling til førstegongsteneste eller vernepliktsbok/blått ID-kort må visast fram uoppfordra ved påstigning.

### **Tur/returbillett**

Inntil 25 % rabatt på returreisa ved kjøp av tur-/returbillett. Tur-/returbilletten kjøpt på buss gjeld i 30 dagar.

### **Haukelikortet**

Kundekort innkjøp kr 500 pr. år. Gir 33 % rabatt på enkeltreise vaksen på Haukeliekspressen og Telemarkekspressen. Korta vert ikkje selt etter 1.1.16, men kan nyttast ut gyldighetsperioden.

### **Fribillett**

Fribillett utgjeve av Telemark Bilruter gjeld på alle Telemark Bilruters ruter. På samkøyrande ruter gjeld kvarandres fribillettordning i hht. avtaler. (Gjeld ikkje der det offentlege har ansvar for reisa, t.d. skulereiser og sjukereiser.)

### **Verdikort/reisekort generelt**

Verdikort og periodekort er eit elektronisk busskort frå Telemark Bilruter. Kortet kostar kr. 50 og kan kjøpast og fornyast med ny periode eller fyllast opp på bussen. Busskortet kan nyttast fleire gonger.

Ta alltid vare på og ha med deg kvitteringa ved bruk av kortet. Meir informasjon om våre reisekort [her](#).

### **Skuleskyss**

Elevar i barne- og ungdomsskulen, og i vidaregåande skular som er tilkjent fri eller delvis fri reise til og frå skule, skal uoppfordra nytte elektronisk skulereisekort ved kvar tur. Kortet skal vera påført elevens namn. Meir informasjon om skuleskyss [her](#).

Elevar på vidaregåande skule som ikkje har gyldig skulereisekort med på reisa må betale. Ved kontroll utan gyldig billett kan det utskrivast gebyr.

### **Grupperabatt**

Inntil 25 % rabatt for grupper over ni personar ved samla betaling.

### **Reservasjon av plass til grupper**

Grupper på ni eller fleire reisande som ikkje har kjøpt billett på telemarkbil.no, må reservere plass på [eige skjema](#) seinast kl. 14:00 siste virkedag (man.-fre.) før reisa.

### **Krav om bruk av setebelte**

Passasjeren er pålagt å bruke setebelte jfr. "Forskrift om bruk av personlig verneutstyr" av 21/9 1979 nr. 7. Ved myndighetskontroll blir passasjeren ilagt gebyr dersom regelen ikkje vert etterlevd.

### **Barn som reiser åleine**

Skal vera i skulepliktig alder og kunne ta ansvar for seg sjølv. Barnet skal følgjast av føresette ved påstigning, og må kunne vise fram namn, adresse og telefonnummer til føresette som møter barnet på den aktuelle haldeplassen. Det er dei føresettes sitt ansvar når barn reiser åleine med ein ekspressbuss.

### **Sikring av barn i buss**

- For barn under tre år skal det nyttast godkjent sikringsutstyr som er tilpassa barnet, eller slikt utstyr i kombinasjon med ordinært setebelte. Når slikt utstyr ikkje er tilgjengeleg, skal ordinært bilbelte nyttast på eigna måte.
- Barn over tre år skal bruke ordinært setebelte på eigna måte.

### **Bagasje**

Kvar passasjer kan ta med seg to kolli bagasje, samla inntil 30 kg, som plasserast i bagasjerommet. Handbagasje takast fritt med så lenge den kan få plass ved eige sete. Fleire kolli og vekt over 30 kg, må det betalast tillegg for. Bagasje må merkast tydeleg med eigars navn, adresse og telefonnummer. Det er ikkje høve til å ta med bagasje som kan gjere skade på annan bagasje, som til dømes flytande væske, frosne og ferske matvarer som kjøtt og fisk m.m.

### **Barnevogn**

Samanleggbare barnevogner kan fritt takast med så lenge det er plass.

### **Syklar**

Syklar takast med i den utstrekning det er plass. Det betalast barnetakst for sykkel, og betaling skjer ved påstigning.

## Ski og snobrett

Skiutstyr skal vera forsvarleg pakka slik at det kan fraktas trygt i bussens bagasjerom. Skiutstyr fraktas gratis.

## Pulk og surfebrett

Av plassmessige årsaker må det reserveras plass på førehand. Ta kontakt med [kundeservice](#).

## Jaktvåpen og ammunisjon

Våpenet må være forsvarlig pakka i futteral, våpenkuffert eller tilsvarande. Våpenets hoveddel oppbevarast saman med eventuell ammunisjon i bussens bagasjerom. Vital del, som sluttstykke eller liknande skal haldast avskilt frå hoveddel og må derfor tas med inn på bussen.

## Ståhjuling

Det er ikkje tillate å ha med ståhjuling i våre ekspressbussar.

## Levande dyr

Av omsyn til passasjerar med astma og allergi er det diverre ikkje tillate med dyr om bord i ekspressbussen. Unntak frå dette gjeld på togbuss mellom Skien og Larvik, og dessutan førarhund, tenestehund og servicehund\* i teneste/opplæring, som er tillate og befordres fritt.

\*) Skal identifiserast med vest og /eller skriftlig dokumentasjon.

## Rullestol

Dei fleste bussane er i dag utstyrt med rullestolheis i samsvar med "Universell utforming av motorvogn", og transport skjer på desse vilkåra. Reservebuss har ofte ikkje slikt utstyr.

Av hensyn til sikkerheiten er det kun mogleg å ta med brukarar med manuelle rullestolar. Rullestolen må ha feste for stopping. Brukarar av større og tyngre rullestolar kan ikkje takast med på grunn av avgrensingar i heis og sikringsutstyr. Rullestolbrukarar som har behov for eigen plass til rullestolen om bord på bussen, må reservere plass seinast kl. 14:00 siste virkedag før reisa (man-fre) på telefon 35 06 54 00 eller på e-post til [post@telemarkbil.no](mailto:post@telemarkbil.no).

## Ansvar og erstatning for bagasje

Selskapet er ikkje ansvarlig for tap eller skade på bagasje, med mindre det skuldast aktløyse frå selskapets side. Me anbefalar derfor at den reisande teiknar reiseforsikring.

## Refusjonsreglement

Telemark Bilruter og Telemark Ekspressbusstrafikk (begge selskap er her angitt med forkortinga TBR) sine billettar og reisekort/busskort refunderas ikkje. Det finnes nokre enkeltunntak, som er nemnt her:

- Mista/stole busskort

Refunderast ikkje, uavhengig av om det er bruka eller delvis bruka. Kan sperras på førespurnad til TBR.

- Defekt/øydelt busskort

Elektronisk reisekort/busskort som er defekt/har slutta å virke, erstattas kostnadsfritt. Er kortet påført ytre skade eller ikkje blitt handsama på ein korrekt måte, refunderast det ikkje.

Same gjeld dersom kunde har fått feil reisekort eller enkeltbillett, og det skuldast feil gjort av TBR. I tilfelle der dette ikkje kan gjerast av sjåføren, må det rettast eit refusjonskrav til TBR.

- **Andre årsaker**

Ingen refusjon. TBR kan likevel vurdere heil eller delvis refusjon i særskilde tilfelle.

- **Ekstra utgifter**

Hvis ein kunde får ekstra billettutgifter i forbindelse med kort som er defekt, refunderast reelle utgifter for normalt inntil tre dagar ved å legge fram eit krav om refusjon til TBR. Dette gjeld berre dersom ikkje anna midlertidig ordning er avtala med TBR.

- **Berekning av refusjon**

Refusjonsverdi reknas ut etter ei vurdering av kor mykje som er att av verdi som ikkje kunde har fått nytta.

- **Krav om refusjon**

Kunden skal fylle ut gjeldande [skjema](#) for krav om refusjon og legge ved kopi av naudsynt dokumentasjon på kravet i form av kvitteringar m.m. TBR kan nekte refusjon dersom dei meiner kunden ikkje kan legge fram god nok dokumentasjon.

- **Utbetaling av refusjon**

Utbetaling av eventuelt beløp som skal refunderast skjer til kunden sin oppgjevne bankkonto. Ei refusjonsutbetaling skjer ikkje før pengane frå salet refusjonen er knytt til er kome inn på TBR sin konto. Dette gjeld også ved tilfelle etter pkt. 2. Ingen refusjonar blir gitt ved kontantutbetaling, kun til kundens bankkonto.

- **Erstatningskort**

Kundar som treng erstatningskort etter defekt/øydelt kort vil få tilsendt nytt kort etter nærare avtale med TBR. Det må påreknas nokre dagar for å få det på plass. Reisebevis i mellomtida avtalas mellom kunden og TBR.

- **Verdikort**

Ubrukt saldo på verdikort refunderast ikkje. Ubrukt saldo på verdikort kan slettast tidlegast to år etter påfyllingstidspunktet.

### **Gyldigheit av billetter kjøpt på bussen**

Billetter kjøpt på bussen er gyldig berre for den oppgjevne avgang og reisedato og for den reisestrekning dei er utskrivne for. Billetten må betalast før avreise. Det vert ikkje gjeve kreditt. Billett sjåast på som eit reisedokument på buss, og må vere tilgjengeleg under heile reisa.

### **Straffetakst**

Passasjerar som ved kontroll ikkje kan vise gyldig billett eller kort, skal betale tilleggskost tilsvarende det dobbelte av taksten for enkeltbillett for den aktuelle distanse. Minimum straffetakst er kr 500.

### **Bruk av mobiltelefon**

Av omsyn til medpassasjerar oppmodar me alle til å avgrense mobilbruken og setje telefonen på lydlaus.

#### **Røyking/alkohol**

Det er ikkje lov å røyke eller å nyte alkohol om bord i våre ekspressbussar. Forbodet gjeld også bruk av e-sigaretter.

Synleg berusa personar kan bli nekta adgang, eller bli bedt om å gå av bussen.

#### **Reisegaranti**

Les Telemark Bilruters reisegaranti på [kollektivtrafikk.no](http://kollektivtrafikk.no).

#### **Generelle vilkår**

Vilkår for transport med rutegående busstrafikk i Norge på [regjeringen.no](http://regjeringen.no).